Husbanken

| Transport | Motteken dato | Kommunenr./kommunenamn |
|---|---|---|
| ☐ Ja ☐ Nei | | |

# SØKNAD OM STATLEG BUSTØTTE

## Slik søkjer du bustøtte

- Søknadsfristen er den 14. kvar månad. Send skjemaet til bustøttekontoret i kommunen.
- Fyll ut dei opplysningane som gjeld den 1. i månaden du søkjer bustøtte for.
- Legg ved nødvendig dokumentasjon. Sjå punkt 4.
- Søknaden blir ikkje behandla dersom det manglar opplysningar, dokumentasjon eller underskrifter.
- Les meir om bustøtte på www.husbanken.no, eller kontakt kommunen sitt bustøttekontor.

## 1 Opplysningar om søkjaren og andre som bur i bustaden

- Du kan berre søkje bustøtte til ein bustad du bur i.
- Alle som bur i bustaden din, må vere registrerte som busette i bustaden i folkeregisteret.

### 1A Namn og adresse til søkjar

Verjer/fullmektigar må leggje ved verjeattest eller fullmakt, og adresse og kontaktopplysningar.

| Fødselsnummer (11 siffer) | Namn (etternamn, fornamn) | | |
|---|---|---|---|
| Kontonummer (11 siffer) | Telefon | Målform ☐ Bokmål ☐ Nynorsk | |
| Gate-/vegnamn | Husnummer | Husbokstav | Bustadnummer* |
| Postnr. / Poststad | *** Bustadnummer –** dette må du opplyse om dersom du bur på ei adresse med fleire bueiningar, t.d. i blokk eller i utleigeleilegheit i einebustad. Bustadnummeret består av éin bokstav og fire tal, t.d. H0301. | | |

### 1B Andre som bur i bustaden din

Fyll ut alle som bur i bustaden. Personar som er over eller fyller 18 år den månaden du søkjer om bustøtte for, må skrive under. Søknaden vil ikkje bli behandla dersom det manglar underskrifter. Sjå punkt 5 for meir informasjon om Husbanken si behandling av personopplysningar.

**Ektefelle**

| Fødselsnummer (11 siffer) | Namn (etternamn, fornamn) | Underskrift |
|---|---|---|
| | | |

**Andre i husstanden**

| Fødselsnummer (11 siffer) | Namn (etternamn, fornamn) | Underskrift |
|---|---|---|
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |

### 1C Opplysningar om husstanden

Avtener nokon i husstanden førstegongsteneste? ☐ Nei ☐ Ja

Er nokon i husstanden student*? ☐ Nei ☐ Ja > Bur studenten(/-ane) heime hos foreldra? ☐ Ja ☐ Nei

Dersom nei, deltek studenten(/-ane) i arbeidsretta tiltak**? ☐ Nei ☐ Ja

Dersom ja, kva for arbeidsretta tiltak deltek studenten i?

*** Student** – person som har rett til lån og stipend frå Statens lånekasse.

**** Arbeidsretta tiltak –** t.d. Kvalifiseringsprogrammet, introduksjonsordninga, andre arbeidstreningsprogram og kurs gjennom NAV og kommunen.

HB 9.S.01 (N) 03.2014 www.husbanken.no Utforming: Sem og Stenersen Prokom AS Trykkeri: Trykk Service AS

## 2 Opplysningar om bustaden og buutgiftene

### 2A Opplysningar om bustaden

| | | |
|---|---|---|
| Er bustaden godkjend til bustadformål? | ☐ Ja | ☐ Nei |
| Har bustaden eigen inngang, bad og toalett, og er kvile og matlaging mogleg? | ☐ Ja | ☐ Nei |
| Er bustaden spesialtilpassa for deg eller ein annan i husstanden som har funksjonshemming? | ☐ Nei | ☐ Ja |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kor mange kvadratmeter er bustaden? | Kvm | Kor mange rom har bustaden (stuer/soverom)? | Rom |

### 2B Faste utgifter på bustaden

Kryss av for kva slags bustad du bur i, og fyll ut felta. Du skal berre krysse av for éin bustadtype.

| | | | |
|---|---|---|---|
| ☐ Leigd bustad | Leiger du bustad gjennom kommunen? | ☐ Ja ☐ Nei | Husleige per månad |
| | Er oppvarming inkludert i husleiga? | ☐ Ja ☐ Nei | |
| | Dersom du har tidsbestemt leigekontrakt, opplys om når den går ut. | | dd.mm.åå |
| ☐ Burettslag | Dekkjer fellesutgiftene oppvarming? | ☐ Ja ☐ Nei | Fellesutgifter per månad |
| ☐ Aksjeleilegheit | Dekkjer fellesutgiftene oppvarming? | ☐ Ja ☐ Nei | Fellesutgifter per månad |
| ☐ Obligasjonsleilegheit | Dekkjer fellesutgiftene oppvarming? | ☐ Ja ☐ Nei | Fellesutgifter per månad |
| ☐ Sjølveigd bustad i sameige | Dekkjer fellesutgiftene oppvarming? | ☐ Ja ☐ Nei | Fellesutgifter per månad |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| ☐ Sjølveigd bustad (einebustad) | Gards-og bruksnummer | Ev. festenummer | Ev. eigedomsskatt per år | Ev. festeavgift per år |

### 2C Lån til kjøp, oppføring eller nødvendig utbetring av bustaden

Har du/de utgifter til bustadlån? ☐ Nei > Gå til del 3. ☐ Ja > Svar på spørsmåla nedanfor.

| | |
|---|---|
| Når kjøpte eller oppførte du/de bustaden? | Kjøpsår/byggjeår |
| Kva kosta bustaden? | Kjøpesum/prosjektkostnader |
| Kor mykje lånte du/de for å kjøpe eller oppføre bustaden? | Lånebeløp |

**Bustadlån >** Opplys berre om lån til kjøp, oppføring eller nødvendig utbetring av bustaden. Dersom delar av bustadlånet er brukt til andre formål, skal du berre leggje inn lånebeløpet som er knytt til bustaden. Det same gjeld for låneutgifter (avdrag og renter). Har du startlån eller etableringslån frå kommunen, skal du leggje det inn her.

| Namn på långivar | Lånebeløp | Utbetalt (mm.åååå) | Nedbetalingstid | Avdrag og renter per månad | Gebyr per månad |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | | | | |

**Lån i Husbanken og Innovasjon Norge >** Du skal berre opplyse om saksnummeret. Du treng ikkje dokumentere låna.

| | | |
|---|---|---|
| Husbanken | Saksnummer | Saksnummer |
| Innovasjon Norge | Saksnummer | Saksnummer |

## 3 Opplysningar om inntekt og formue

### 3A Har nokon i husstanden inntekt frå skattefri utleige?

| | |
|---|---|
| ☐ Nei ☐ Ja > Legg inn leigeinntekta per månad i feltet til høgre. | Leigeinntekter per månad |

### 3B Har nokon i husstanden pensjon frå eit EØS/EU-land som ikkje blir utbetalt av NAV?

☐ Nei ☐ Ja > Opplys om type pensjon i felta under.

| Fødselsnummer (11 siffer) | Type pensjon |
|---|---|
| | |

### 3C Har nokon i husstanden utanlandsk inntekt eller formue som ikkje blir skatta i Noreg?

☐ Nei ☐ Ja > Opplys om husstanden si utanlandske brutto inntekt og netto formue i siste skatteår i felta under.

| Fødselsnummer (11 siffer) | Brutto utanlandsinntekt | Netto utanlandsformue | |
|---|---|---|---|
| | | | **Brutto inntekt** er lønn, pensjon, næringsinntekt og anna (før skatt).<br>**Netto formue** er likningsverdien av bustad, bil, bankinnskot og anna, fråtrekt gjeld. |
| | | | |

### 3D Har husstanden sine inntekter og/eller formue endra seg vesentleg sidan siste skatteoppgjer?

☐ Nei > Då innhentar vi husstanden sine inntekter og formue frå siste skatteoppgjer automatisk. Du treng ikkje å fylle ut punkt 6 på neste side.

☐ Ja > Då må du fylle ut punkt 6 på neste side, før du fyller ut punkt 4 og 5 under.

## 4 Dokumentasjon

Kryss av for kva for felt du har fylt ut i skjemaet, og legg ved nødvendig dokumentasjon.

| | |
|---|---|
| ☐ 1C Student i arbeidsretta tiltak | Studentar som har arbeidsavklaringspengar, treng ikkje å dokumentere noko. Andre studentar må dokumentere at dei deltek i arbeidsretta tiltak. Dokumentasjon kan vere stadfesting på utbetaling, kopi av vedtak eller anna. |
| ☐ 2A Spesialtilpassa bustad | Beskriv kva for tiltak som er gjort for å tilpasse bustaden til nokon i husstanden. |
| ☐ 2B Faste utgifter på bustaden | Leigd bustad – kopi av leigekontrakt<br>Eigd bustad – kopi av innbetalt husleige/fellesutgifter.<br>Einebustad – dokumentasjon på eigedomsskatt og festeavgift |
| ☐ 2C Bustadlån | Legg ved kopi av nedbetalingsplanen for lånet eller kopi av låneavtale og innbetalte låneutgifter (renter/avdrag). |
| ☐ 3B Pensjon frå EU/EØS-land | Dokumenter kva type pensjon han/ho har. |
| ☐ 3C Utanlandsk inntekt/formue | Legg ved kopi av siste årsoppgjer/skatteoppgjer eller liknande frå utlandet. |
| ☐ 6B Faktiske månadlege inntekter (berre om du har fylt ut punkt 6B) | Dokumenter alle inntekter du har oppgitt i 6B. Du treng ikkje dokumentere pensjon/stønad som NAV utbetalar. Du må likevel dokumentere introduksjonsstønad og kvalifiseringsstønad. |

## 5 Søkjar si underskrift

Husbanken treng mange opplysningar for å behandle søknaden din. Vi treng derfor å innhente nødvendige opplysningar om adressa, husstanden, inntekta, formuen, type stønad/pensjon og beløp frå ulike register, blant anna Skatteetaten, folkeregisteret og NAV. Dei fleste opplysningane innhentar vi kvar månad.

Husbanken brukar opplysningar om deg/dykk i statistikk, rapportering og eventuelt forsking. I samband med forskingsprosjekt kan det hende at opplysningane blir utleverte og kopla med opplysningar i andre offentlege register. Du kan lese meir om Husbanken si behandling av personopplysningar på www.husbanken.no.

Alle som behandlar opplysningar om deg/dykk har teieplikt. Opplysningane vil bli lagra også etter at kundeforholdet er avslutta jf. arkivlova. Du kan be om å få sjå dei opplysningane kommunen og Husbanken har registrert om deg. Du kan krevje at vi rettar opplysningar som er feil. Du har plikt til å melde frå dersom det skjer endringar som har betyding for berekninga av bustøtte. Husbanken kontrollerer kvart år at det er brukt riktig inntektsgrunnlag i føregåande år. Husbanken kan krevje tilbake bustøtte dersom det viser seg at du har fått utbetalt for mykje.

**Eg bekreftar at opplysningane i skjemaet er riktige og fullstendige. Eg gir Husbanken og kommunen fullmakt til å innhente opplysningar som er nødvendige for å behandle søknaden, også opplysningar som kjem inn under teieplikta. Eg samtykkjer også i at andre i husstanden kan få innsyn i bustøttesaka.**

| Dato | Søkjaren si underskrift |
|---|---|
| | |

## 6 Endringar i husstanden si inntekt

**Har inntekta og/eller formuen gått opp eller ned?**

☐ **Opp > Fyll ut punkt 6A.**
☐ **Ned > Fyll ut punkt 6A, 6B og 6C.**

I 6A og 6B skal du leggje inn brutto skattepliktige inntekter og netto formue for alle i husstanden – også barn. Dersom du ikkje opplyser om formue, så brukar vi opplysningar om formuen frå siste skatteoppgjer automatisk.

### 6A Forventa inntekt og formue i år

Anslå husstanden sine brutto inntekter og netto formue for inneverande år. Du treng ikkje å dokumentere opplysningane.

| Fødselsnummer (11 siffer) | Brutto inntekt i år | Netto formue i år |
|---|---|---|
| | | |
| | | |
| | | |

**Brutto inntekt** er lønn, pensjon, næringsinntekt og anna (før skatt).

**Netto formue** er likningsverdien av bustad, bil, bankinnskot og anna, fråtrekt gjeld.

### 6B Faktisk månadleg inntekt

Fyll ut husstanden sine brutto inntekter per månad og netto formue i dag. Dersom nokon i husstanden har variabel inntekt, fyll ut gjennomsnittleg inntekt for ein månad. Du må dokumentere alle inntekter du opplyser om. Du treng ikkje å dokumentere pensjon/stønad som NAV utbetalar. Du må likevel dokumentere introduksjonsstønad og kvalifiseringsstønad.

**Andre inntekter** kan vere utanlandsk inntekt eller inntekter frå skattefri utleige.

| Fødselsnummer (11 siffer) | Lønn per månad | Pensjon/stønad per månad | Andre inntekter per månad | Netto formue i dag |
|---|---|---|---|---|
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |

### 6C Skattefrie inntekter

Kryss av for kva skattefrie inntekter husstanden har. Du treng ikkje å dokumentere opplysningane.

☐ Sosial stønad ☐ Studielån/stipend ☐ Individstønad ☐ Kontantstøtte

☐ Barnebidrag/barnetrygd ☐ Anna yting. Kva for?

## Pass på å rette deg etter meldeplikta!

Søknaden din blir behandla kvar månad. Dersom det skjer endringar i opplysningane du har gitt i søknaden, må du melde frå om det. Dersom du ikkje gir beskjed om endringar, kan for mykje utbetalt bustøtte bli kravd tilbake. Det er straffbart å gi feil opplysningar eller å unnlate å gi opplysningar. Du skal melde frå til kommunen sitt bustøttekontor.

Du må melde frå dersom:

- husstanden sin inntekt og/eller formue endrar seg vesentleg
- ein eller fleire personar flyttar inn eller ut av bustaden
- du/de flyttar til ein ny bustad (då må du også melde flytting til folkeregisteret)
- du eller andre i husstanden blir student

Du har ikkje rett til bustøtte dersom inntektsgrunnlaget i husstanden i år blir over ei gitt grense. Kva grensa er for din husstand, får du beskjed om i vedtaket du får.

Neste år vil vi innhente opplysningar om husstanden sin inntekt og formue i år. Det gjer vi når skatteoppgjeret er klart. Dersom skatteoppgjeret viser at inntektsgrunnlaget blei over grensa og du samstundes fekk utbetalt meir enn 10 000 kroner i bustøtte, så vil vi krevje tilbake all bustøtte du fekk i år. Ver merksam på at dette gjeld sjølv om inntekta/formuen var låg i dei månadene du fekk utbetalt bustøtte.

Du må derfor straks melde frå til kommunen når du veit at inntekta og/eller formuen i husstanden vil auke vesentleg.